

ÅRG.5 NR.2 - JUNI 2024

# KINN

KYRKJEBLAD



Presentasjon av dei nye

**sokneråda s.8**

**Himmelbarn s.4**

-teologisk blick på det å  
vera liten og stor

**Medlemskap i kyrkja**

**– kva inneber dèt? S.7**

**«Kva høyrer du i preika? – sjå s.14»**

INFORMASJON

## KYRKJEKONTORET I FLORØ

### RÅDSLEIARAR

**Bru sokneråd:** Anders Tyvold 911 38 521  
**Eikefjord sokneråd:** Mona Ødegård Standal 415 13 865  
**Kinn sokneråd:** Ingvill Førde Torvanger 975 00 482  
**Nordal sokneråd:** Anita Eikevik 958 82 794

Markegata 28 • Postboks 504, 6903 Florø  
**Tlf.:** 481 00 481  
**E-post:** kyrkja@kinn.kommune.no  
**Kontortid:**  
 Måndag – tirsdag: kl. 10.00 – 14.00  
 Torsdag – fredag: kl. 10.00 – 14.00  
 stengt for lunsj 11.30-12.00  
 Onsdag: Stengt  
[www.kinn.kyrkja.no](http://www.kinn.kyrkja.no)

### KONTORMEDARBEIDER

Cecilie Aase



### VIKARPREST

Emma Kirk Pedersen  
 emma.pedersen@kinn.kommune.no



### SOKNEPREST

Erling Bakke Nydal  
 erling.nydal@kinn.kommune.no  
 Tlf. 478 68 314



### KYRKJELYDSARBEIDAR

Ann Kristin Takle Winterthun



### KYRKJETENAR

Anders Tyvold



### ORGANIST

Peter Rødel  
 Tlf. 401 08 339



### KANTOR

Sebastian Ryll  
 Tlf. 468 02 747



### KYRKJEGARDSARBEIDAR

Jostein Eikevik



### KYRKJEGARDSARBEIDAR

Nico Gotthardt



## KYRKJEKONTORET I MÅLØY

Rådhuset 3. etg. • Postboks 33, 6701 Måløy  
**Tlf.:** 481 00 481  
**E-post:** kyrkja@kinn.kommune.no  
**Kontortid:** Tirs. kl.10-14, tors. - fred. kl.10-12.  
[www.kinn.kyrkja.no](http://www.kinn.kyrkja.no)

### RÅDSLEIARAR

**Vågsøy sokneråd:**  
 Halgeir Lade 920 18 180

### KYRKJELYDSPEDAGOG

Marte-Iren Lade



### SOKNEPREST

Beate Folkestad Osdal  
 beate.osdal@kinn.kommune.no  
 Tlf. 474 13 996



### AVDELINGSLEIAR

Evy Haug Nybakk  
 Tlf. 481 46 505



### KYRKJEMUSIKAR

Alice Teunis  
 Tlf. 960 46 119



### KONTORMEDARBEIDAR/ KYRKJETENAR

Galina Kvalheim



### KYRKJEGARDSARBEIDAR

Joar Kvamme



### KYRKJEGARDSARBEIDAR

Johannes Nome



## KINN KYRKJEBLAD

**UTGJEVAR:** Sokneråda i Kinn  
**Redaksjon:** Anne-Helene Gjengedal (red.) e-post: [anne-helene@gjeste.no](mailto:anne-helene@gjeste.no),  
 Trond Hatlevik, Ragnhild Fure Schwarz, Erling Bakke Nydal

**Grafisk formgjeving:** Kåre Olav Morken, GRAPHIC FROG  
**Trykk:** Grafisk-hus, Knarvik

Neste utgåve kjem i midten av september (veke 38).  
 Stoff til bladet må vere sendt redaktøren innan 16. august.  
 Bladpengar/gåver til bladet vert tekne imot med takk!  
 Konto nr. 3775.07.09509.

**KYRKJEVERJE**  
 Dag Henrik Nygård  
 kyrkja@kinn.kommune.no  
 Tlf. 481 00 481



Framsdebilete:  
 St.Sunniva  
 Foto: AHG



I ei kyrkje var dei mykje plaga av flaggermus i tårnet. Men ein vakker dag var dei vekk, og kyrkjetenaren blei spurdt kva dei hadde gjort for å verte kvitt problemet.

«Vi tok og confirmerte dei, alle som ein, og sidan har vi ikkje sett snurten av dei!»

Når dette blir skriva, er vi midt i feiringa av årets confirmantar. Det er «vårsol og song i skogen».

Det er mange som legg meir enn to pinner i kross for at confirmantane skal få ei skikkeleg feiring. Og det fortener dei. Det er viktig med ei slik markering på veg inn i vaksenlivet, sjølv om den vaksne sine pliktar og ansvar kan vente enno ei tid.

I Norge blei confirmasjon påbudt ved lov i 1736. Utan denne, som og var som ein offentlig eksamen å rekne, kunne ein korkje tene i det militære, søkje arbeid eller inngå ekteskap. Det var ikkje uvanleg å

måtte «gå for presten» fleire gonger før ein hadde bestått, med skamma det førte med seg. Først i 1912 blei confirmasjonen frivillig.

I Den norske kyrkja ser ein nå confirmasjonen først og fremst som ei forbønshandling, der dei løftene som Gud gir i dåpen, blir bekrefta. Men confirmasjonsførebuinga er og ein viktig del av kyrkja sitt arbeid med å fylle ansvaret sitt for dei døypte, gje dei undervisning og hjelpe dei til å leve som kristne. Dei skal bli fortrulege med kyrkja og gudstenesta og kjenne at dei høyrer til. Så vitsen i starten her spegler på ingen måte korleis kyrkja ventur eller ønskjer at fortsettinga etter confirmasjonen skal bli!

Vi held fram med å feire dei store kristnings- og lov-jubilea heile dette året. Vi kan prøve å tenkje oss korleis landet vårt hadde sett ut utan desse skjelsjetjande hendingange, men skjønner fort at det blir heilt

uråd. Skule og sjukehus, velferd og menneskeverd, politikk, kunst og litteratur – alt heng meir eller mindre saman med det som skjedde for tusen år sidan. No må vi berre hegne om dei verdiane som er skapte, så ikkje noko, utilsikta, glipp ut mellom fingrane våre!

Du kan også lese ein del om «barn» i dette bladet. Om vi har kome kort eller langt i livet, har vi det sams at vi alle har vore barn. Men erfaringar og kunnskap som vi med kvart har tileigna oss, har lagt eit slør over korleis den tida kjendest. Kanskje tida som ligg framfor oss no, kan vere eit høve til å fundere over kva vi har med oss frå barndomen. Så kan vi, med sola i andletet, prøve å setje oss attende til ein tilstand med sorgløyse og tryggleik, og leggje til sides både egne og verda sine problem for ei stund.

God sommar!  
 Anne-Helene Gjengedal

Bakgrunn: pikisuperstar / Freepik

## HEIL VED

Årets confirmasjonar har vore fine opplevingar for både confirmantar, kantorar, kyrkjelydspedagogar og prestar og andre. Når bladet går i trykken, har Emma og eg Erling her i Florø fokusert på både Håpsdimensjonen, om å rette blikket innover, utover og oppover, om livsglede og leik fordi Gud har enorm omsorg for liljene på marka, og om å finne meining og retning i livet på bakgrunn av Jesus ord om å elske kvarandre slik han har elska oss. Når eg no skal oppsummere for min eigen del og seie noko som samantfattar det eg ser i det som er sagt, så er «Heil ved» noko som eg stansar opp med. Det er ei heidersbeteikning for eit menneske å få dette sagt om seg. Vi tenker ein eller ei å stole på, ein å kunne vite snakkar sant og godt. Som ikkje er kunstig imot andre. Som brenn reint og ikkje slepp ut giftige gasar i miljøet. Men gir god varme i ovnen som vi kan finne ro og kvile rundt. Kjære confirmantar og andre: søk etter å bli menneske som får heidersbeteikninga. Nokre tre har mange greiner, nokre har færre, nokre blir lange og slanke, andre blir mindre og kanskje til og med

krokete. Nokre har blader, nokre har nåler. Fruktene er ulike og av ulik mengde. Men heil ved kjem av levande tre. Eit menneske har både blader, nåler, ulike frukter og er av ulik storleik og farge.

Treet søker med røtene næring, nedover på leit etter den gode jorda som gir god næring. På leit etter vatnet som gjev sevje i stamme og greiner, som gjer at blad og nåler veks og gjev treet farge og blir til glede for oss. Og ikkje minst strekker det seg mot lyset som gir liv.

God jord, levande vatn, livets lys.

God jord: Kor finn vi næring til liva våre? Kva er verdifullt, kva tek vi vare på, kva let vi ligge?

Levande vatn: kva drikk vi når vi er tørste etter meining, liv og håp, kva er det vi reinsar oss med og fornyar oss med, er det erstatningar som inneheld både godt og gale, eller får vi i oss det som gir god frukt?

Livets lys: lar vi nådens lys varme og skine for oss? Det som varmar og som matchar klorofyllet i kroppen vår og som får fotosyntesen til å skje. Slik at vi blir levande og tek inn og gjev vidare alt det

gode.

I motsetning til dyr blir planter aldri ferdig utvaksne. Planter har kontinuerlig vekst heile livet.

Det gjev håp til eit liv som gjev både oppturar og nedturar.

### Heil ved,

det er eit livslangt prosjekt. Til dykk alle: takk for eit fint år, og god sommar.

Tre ord å ta med seg inn i livet.

Johannes 8, 12

*Jesus sa: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.»*

Jeremia 29.11

*For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og von.*

Jesaja 43.19:

*Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram. Merkar de det ikkje? Ja, eg legg veg i orkenen, elvar i øydemarka.*

Erling Bakke Nydal

# Himmelbarn

Den som bed Fadervår, tiltalar Gud i himmelen som sin Far. Det seier ikkje berre noko om den som bøna rettar seg mot. Det seier også det avgjerande viktige om den som seier slike ord. Den som er fødd av ein far i himmelen, er fyrst og fremst eit himmelbarn. Vår inste identitet som kristne menneske er den vi har som Guds born. Alt anna er underordna.

Dette barnet har det privilegiet å vera både liten og stor. Både liten, hjelpe-laus unge og ansvarleg menneske. Samstundes.

## ALLE ER SMÅ

Frå ei side sett er alle menneske "små". Det fylgjer av å vera skapning. Gud er gjevar og mennesket er mottakar. Luther seier i katekismeforklaringa til fyrste artikkelen:

*Eg trur at Gud har skapt meg og alle skapningar. Han har gjeve meg lekam og sjel, vit og alle sansar. Han held alt dette ved lag og gjev meg kvar dag det eg treng for å leva.*



Gud har "liv i seg sjølv" (Joh 5,26), mennesket må alltid få livet. Luft å pusta i og mat å eta. Vi vert aldri så store og sjølvhjelpne at bøna om dagleg brød vert uaktuell, ikkje eingong i vårt velferds-samfunn der dei fleste kan drukna seg i både brød og kaker om dei har lyst.

Den gode skikken å be bordbøn hjelper til å blankpussa den erkjenninga at maten, og alt vi har, er ei gåve frå Gud.

Små hjelpelause, nystartande menneskeborn er ein levande illustrasjon, prototype, på kor avhengige menneske er når det kjem til stykket. I dei små kan vi sjå at vi aldri vert for store for Guds altomfattande omsut. Ikkje om eg er millionær ein gong.

Himmelbarnet som bed Fadervår, er ikkje 'liten' berre på det allmenmenneskelege planet. Det er fødd inn i Guds

rike som Guds barn med rett til å seia Far til Gud. Eit av privilegia i dette riket er å få vera liten og stor samstundes.

Det kjem særleg tydeleg fram i salmane i Bibelen. Mange av dei ber vitne om at salmisten er 'liten'. Der finn vi barnet som går til far og mor med klage og tillit. Der kan vi sjå spegelbiletet av våre eigne småborn når dei klamrar seg til mamma eller pappa for å koma unna forventa problem. Der kan vi møte djupnene i oss sjølv, fordi vi alle ber eit bitte lite barn i oss. Der har vi den trygge plassen på Guds fang.

*Herre, hjarta mitt er ikkje hovmodig, augo mine er ikkje stolte.*

*Eg gjev meg ikkje av med slikt som er for stort og underfullt for meg.*

*Nei, eg har fått mi sjel til å vera still og roleg, som eit lite barn hjå mor si, når det har stilt sin tørste. Så er mi sjel i meg.*

*Venta på Herren, Israel, frå no og til evig tid!*

Salme 131.

## MEN IKKJE BERRE SMÅ!

Samstundes er det svært tydeleg i Bibelen at dette småbarnslivet ikkje er alt som er å seia om mennesket sitt forhold til Gud. Gud forhold seg til folket sitt som til vaksne, ansvarlege menneske. Han er også lovgjevar og dommar.

Eit lite språklaus barn er det meiningslaust å setja etiske krav til. Men det før-etiske stadiet varer ikkje lenge. Så snart barnet kan skjønna kva 'nei!' tyder, må det nok fint læra det. Å læra seg å be Fadervår, er også å læra å veksa opp. Det inneber å læra at det er skilnad på nei og ja og godt og vondt, å læra at orda vi seier er normerande for livet vi skal leva, og at eit liv som bryt med dette ordet, treng oppgjer og tilgjeving for å koma vidare.

Denne salmen frå Norsk Salmebok durrar av glede frå vaksne menneske som kjenner den løyndommen at dei er born:

## – teologisk blikk på å vera liten og stor

*Kjære Guds barn, ver utan sorg!*

*Tenk på din Far i Himmelborg!*

*Han er så god, han er så rik,*

*ingen er han i velde lik.*

*Gud vere lov!*

*Føde og klede, hus og heim,*

*skulle me gå med sut for deim?*

*Menneskja lever av Guds ord,*

*borna får mat ved Far sitt bord.*

*Gud vere lov!*

Norsk salmebok nr 313  
Grundtvig/Bernt Støylen

Men skal barnekåret få veksa og utfalda seg, må dette leggast til:

*Gud, la oss i din kunnskap fremmes,*

*så det vi lærer, aldri glemmes,*

*men vokser med oss dag for dag!*

*At det kan modnes som du sådde,*

*og vi hos deg må finne nåde,*

*og du i oss ditt velbehag.*

Norsk Salmebok 568.  
Dansk katekismus-vers

Frå boka *Himmelbarn – fokus på Fadervår*, av Kari Leine Balog. Verbum forlag 1995

Boka kan ein framleis få kjøpt, ved å vende seg til forfattaren (red.)



## Keltisk

### pilegrimskonferanse

Keltisk pilegrimskonferanse blir arrangert fredag 5. juli på Fjordly ungdomssenter på Bryggja i samarbeid mellom Fjordly, Filadelfia Stadlandet, Den norske kyrkja og Regionale pilegrimssenter. Sjå:

<https://www.seljakloster.com/seljumannamesse> for påmelding.

Björgvin bispedøme/  
Seljumannamesse 2024/AHG



## Minneord

*Håkon-Jan Solheim vart fødd, den 21. april 1959, og tok til som kyrkjegardsarbeidar i Flora året 2000. Den 22. april 2024, døydde han brått og uventa, berre 65 år gamal. Han har lagt ned ein enorm innsats for kyrkjegardane i Flora, både med registrering, kartlegging og framfor alt vanleg stell og gravopning. Han har vore oppteken av orden og system. Håkon-Jan har vore med og gjeve ein heil generasjon verdige gravferder. Han har vore viktig for alle sørgjande som har kome til velstelte kyrkjegardar. Han har hatt mykje å seie for kollegaane sine.*

*Tankane går til den flotte familien som han var så glad i.*

*Å leva det er i arbeid. Gud signe kvar ærleg arbeidshand.*



## Verdiåret 2024 i Björgvin



I 2024 feirar og markerer vi to hendingar som i høg grad har vore med på å endra landet vårt: 1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. I Björgvin bispedøme har dette året fått namnet «Verdiåret 2024», året der vi markerer at dei kristne verdiane har vore med på å gjere landet vårt til eit godt land å leve i. Begge lovene er grunnleggjande for korleis forståinga av menneskeverd har forma oss som folk og fellesskap.

Biletet du ser her, viser ei «tidslinje» laga ved Florø ungdomsskule for nokre år sidan. Ho er tilverka av gammalt treverk, funne i fjøra. Her har elevane plotta inn hendingar som har sett preg på landet vårt gjennom dei siste tusen åra. Mange av dei har direkte samanheng med kristninga av Noreg og dei nye lovene.

### GUDS FIRE DØTRER

I 1274 samla Magnus VI for første gang heile landet under ei lov. Magnus fekk tilnamnet Lagabøte, «den som reparerer lovene». Landslovsjubileet er landsdekkande, og biskopen i Björgvin er medlem av hovudkomiteen for Landslovsjubileet i Vestland.

Omgrepet "Guds fire døtrer" eller "Dei guddomelege søstrene" er sentralt i Magnus Lagabøtes landslov. Det handlar om fire dygder: miskunn, rettferd, sanning og fred. Desse skulle, ved kvar domsavseiing der lova var uklar, verte høyrte for at ein dom kan seiast å vere opplyst så den er rettferdig. Biletet av dei fire søstrene er henta frå Salme 85 i Bibelen, der det heiter at miskunn og sanning skal møta kvarandre, rettferd og fred skal kyssa kvarandre.

*Miskunn* skal passe på så ikkje vondskap eller hat kjem i domen; *sanninga* må verte høyrte så ikkje løgn skal få avgjere om nokon blir dømt, *rettferda* skal sjå til at urett ikkje gjer skade på domen, og *fred* skal sjå til at ikkje for harde domar blir felte i vreide.

## Seljumannamesse 1000 år 5.-8. juli 2024

Seljumannamesse er ein av våre eldste kristne merkedagar, og blir feira kvart år rundt 8. juli på Selja og Kinn. Seljumannamesse er blant dei merkedagane som er nemnd i Kristenretten som St. Olav innførde på Moster i 1024, og finst i alle dei tidlege landskapslovene. Difor feirar vi no 1000 års-jubileum for Seljumannamesse i 2024.

Feiringa blir markert med ein jubileumsseglas mellom Florø, Selje, Måløy, Kalvåg og Kinn helga 5.-8. juli 2024 med veteranbåten m/s Atløy. Denne seglasen inngår som ein etappe i ein verdiseglas langs heile Kystpilegrimsleia 2024.

Det blir verdisamtalar, kulturprogram og folkefest på desse stoppestadane:

*Florø fredag 5. juli*  
*Selje laurdag 6.-søndag 7. juli*  
*Måløy søndag 7. juli*  
*Kalvåg måndag 8. juli*  
*Kinn måndag 8. juli*

I tillegg blir det arrangert messe på Selja kloster, der biskop Ragnhild blir med, og Kinn gamle kyrkje.

# Kyrkjemøtet 2024

Kyrkjemøtet er det øvste demokratiske, representative organ i Den norske kyrkja. I 2024 blei dette halde 11.-14.april i Trondheim.

Live Bakke Nydal (19) frå Florø deltok på møtet, og eg har tatt ein prat med henne.

Kvifor var du på kyrkjemøtet i år, Live?  
- Eg blei vald inn i bispedømmerådet i fjor, - for fire år.

Kven var tilstades, - og kor mange?  
- Eg veit ikkje nøyaktig kor mange, men 117 hadde stemmerett. Alle biskopane var her, det var representantar frå prestar og tilsette, lekfolk og leder for samisk kirkeråd. I tillegg var det preses og leder for ungdommens kirkeråd.



Björgvin sin delegasjon på kyrkjemøtet. Live er nr. 2 frå venstre.

Kan du seie litt om korleis møtet er organisert?

- Alle er delte inn i ulike komitear. I desse gruppene jobbar ein med ulike tema. Det ein har jobba med her, blir så presentert i plenum, der alle kan komme med innspel. Til sist stemmer ein over eit vedtak her.

Sjølv var du i komitéen som arbeider med urfolk og økumeniske forhold?

- Ja, og vi tok utgangspunkt i rapporten frå Sannhets og Forsoningskommisjonen som blei presentert i Stortinget i 2023. Vi jobba fram eit vedtak som skal seie noko om stillinga den norske kirke har til urfolk og minoritetar, til samar, kvenar/norskfinnar og skogfinnar. Kyrkjemøtet er svært viktig for kyrkja som ei stor folkekyrkje. Ein kan vere med å påverke det som blir bestemt.

Det er ein fin plass der alle i kyrkja møtast. Kyrkja rommer breitt, her kan ein diskutere og snakke om både det ein er enig og uenig i.

Live er ute og går tur når eg

pratar med henne på telefonen. Det er ein fin vårveld og det er håp i lufta. Eg høyrer at 19-åringen blir svært engasjert når eg ber henne nemne ei sak som har gjort spesielt inntrykk på henne under kyrkjemøtet.

- Det som gjorde eit varig inntrykk på meg, var då vedtaket om kyrkja sitt framtidige forsoningsarbeid blei godkjent. Noko viktig som kom fram, var at **minoritetar berikar ikkje kyrkja, - dei er kyrkja!** Dette blei einstemmig vedteke til applaus. Eg snudde meg, og såg at den sørsamiske representanten hadde tårer i augene. Dette var svært viktig at kyrkjemøtet vedtok.

Live, du er snart ferdig på folkehøgskule, og har heile verda framfor deg. Vi er spente på kva framtida blir for deg! Tenkjer du å engasjere deg vidare i kyrkja?

- Eg er valt inn i bispedømmerådet for fire år, så eg ser fram til å delta vidare. **Fokuset på folkekyrkja er viktig - den er for alle!**

Ragnhild Fure Schwarz,  
1.mai -24



## Alle er velkomne i Den norske kyrkja – Bli medlem

Den norske kyrkja er ei open folkekyrkje som vender seg mot heile befolkninga – Alle er velkomne i kyrkja, uavhengig av medlemskap, men du som er medlem har likevel nokre spesielle rettar og fordeler.

Også innvandrarar og andre som vil høyre til kyrkjefelleskapen ved å vere medlem kan nytte seg av dette.

Medlemer gjev ulike grunnar for medlemskapen sin. For nokon tel respekt for kristen tradisjon og kultur sterkast, medan det for andre botnar i eit djupt personleg engasjement. Kyrkja ber aldri om grunngjeving for kyrkjemedlemskap hjå den einskilde.

Kriteriet for å bli medlem i Den norske kyrkja er kristen dåp. Det er heilt gratis å være medlem i Den norske kyrkja.

### SOM MEDLEM KAN DU

#### OPPLEVE MEINING OG Å HØYRE TIL

Alle menneske kan ha behov for å søke noko større, mening og fellesskap. Du er hjarteleg velkomen til å delta i kyrkja sitt fellesskap og utforske trua, uavhengig av medlemsstatus.

### SOM MEDLEM FÅR DU

#### GRATIS SEREMONIAR

##### DÅP

Det kostar ingen ting å bli døpt. Nesten alle gudstenester i kyrkjene våre står klar til å ha dåp i. Sjekk heimesida for

datoar. Vi legg til rette for at de får ei fin oppleving dåpsdagen.

### KONFIRMASJON

Konfirmanttida endar i ein skikkeleg festdag: konfirmasjonsdagen. I kyrkja blir ungdommar feira og stadfesta for kven dei er. For å bli konfirmert på slutten av konfirmanttida, må ein være døpt.

Opplegget i konfirmanttida varierer, og ein treng ikkje være medlem for å delta i undervisninga.

### BRYLLOUPSSEREMONI I KYRKJA

De kan få ein høgtideleg bryllaupsseremoni, prest, kyrkjemusikar, kyrketenar og leige av kyrkje gratis. Bryllaupsseremoniar andre stader kan det kome kostnader til.

### GRAVFERD

Medlemer får gratis gravferdsseremoni når dei sjølv døyr. Her får pårørande ta ein verdig, meningsull og trygg avskjed.

Seremonien er gratis der avdøde hadde bustadadresse. Dette inkluderer prest eller diakon, kyrkjemusikar og kyrkjerom.

### FADDER

Du kan bli fadder til ein som blir døpt. Å bli spurt om å være fadder er for mange ei stor glede. Ein fadder må

ha fylt 15 år og som hovedregel være medlem av Den norske kyrkja.

### BARN ER SIKRA INFORMASJON

#### OM KYRKJA SITT TILBOD

Alle barn som er medlemmer blir invitert til aktivitetar for barn og unge i kyrkja der dei bur - trusopplæring

Dersom barnet ditt ikkje er medlem, kan du som føreset likevel få tilsendt informasjon om tilbod direkte til deg som er voksen.

### SOM MEDLEM KAN DU

#### VERE MED Å FORME KYRKJA

I Den norske kyrkja er det rom for og bruk for deg.

Som medlem har du formelle demokratiske rettar i det å forme kyrkja.

Stemmerett i kyrkjelege val når du er over 15 år og rett til å stille til val til sokneråd og bispedømmeråd når du er 18 år.

Uansett medlemskap kan du kan bidra som frivillig medarbeidar. Slik kan du og være med og forme korleis kyrkja der du bur skal være.

### SJÅ ELLER ENDRE MEDLEMSKAPEN

#### DIN I DEN NORSKE KYRKJA

Ta kontakt med kyrkjekontoret eller gå inn via internett

Denne artikkelen er basert på Den norske kyrkja sine heimesider.

## NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

Med våren bak oss står no sumaren på trappene. Det er høysesong på kyrkjegardane med mykje arbeid. Målet er at vi skal halde det velstelt på dei 19 offentlege kyrkjegardane og kring dei sju kyrkjene våre. Vi set alltid pris på turistar og lokale som kjem innom kyrkjene våre no om sumaren, og fleire gler seg til dei fine friluftsgudstenestene.

### Friviljug innsats

Sumaren igjennom har vi ein flott gjeng av kyrkjevartar på Kinn som held kyrkja open for alle som vil inn for å sjå denne fantastiske kyrkja. Fleire tusen er innom kyrkja denne perioden. Dette er meiningsfullt. I Måløy viser vi fram den fine trekyrkja vår, og det er informasjon på mange språk. Takk

for den innsatsen de gjer for å vise kyrkjene til turistane.

I Stavang klarte vi å få fire kyrkjebenkar frå skipet opp på galleriet, til glede for alle. Det vert eit reinare uttrykk og ikkje minst ei langt meir praktisk kyrkje. Vi utviklar kyrkjene våre i takt med samfunnsutviklinga, med friviljug arbeid.

I Holvik har hjorten nærast hatt fast opphald på kyrkjegarden, og fleire sørgjande vert møtte av raserte plantefelt og oppetne blomar. Slik vil vi ikkje ha det, men i samarbeid med private set vi no i gang med å få opp eit skikkeleg hjortegjerde. Det er eit offentleg ansvar, men dette samarbeidet med private partar har vore heilt avgjerande for å lukkast med dette prosjektet.

Takk også til alle som tek med seg saks og held graset nede kring grava dei steller, og sorterer avfallet, soleis at vi kan nytte meir av tida vår på å slå gras.

### Vedlikehald

Med sju kyrkjer og 19 offentlege kyrkjegardar vert det mykje vedlikehald, og dette er krevjande når kommuneøkonomien er dårleg. Heilt sidan kommunane vart oppretta, er det den som har det økonomiske ansvaret for kyrkjene og kyrkjegardane. Når vi tenkjer på den krevjande økonomiske situasjonen, meiner eg vi har fått til svært mykje med kyrkjene dei siste åra. Dette har vore viktig for folk, og vi ynskjer å halde fram med same trykket. Fellesrådet har gjort ein viktig

innsats for å hente inn tilstandsrapportar over alle dei sju kyrkjene våre. No arbeider vi med kommunen for å gjere tenesteytingsavtalen skriftleg. Tenesteytingsavtale er heilt vanleg å ha mellom kommunar og kyrkjelege fellesråd for å kunne yte best mogleg tenester for minst mogleg skattepengar. Det fungerer slik at kommunen yter tenester til fellesrådet i staden for pengar som fellesrådet då må nytte for å kjøpe dyrare tenester eksternt. Dette trur vi kan gagne alle partar, og vi opplever eit godt samarbeid.

På Kinn held vi framleis på med murane som vart restaurerte for om lag fem år sidan. Her skal vi hogge ut fugane i muren, som vart tilsett sement ved tidlegare rehabilitering. Det vert sett inn nye fugar av naturmateriale i

veggen mot vest, og desse pustar langt betre. Målet er at vi skal få mindre fukt inne i kyrkja, og at fukta kan få sleppe ut gjennom muren. For at dette skal kunne tørke skikkeleg og vare ei stund, må kyrkja stå delvis innpakka gjennom heile sumaren.

Alle skulle nok helst hatt si kyrkje utan stillas og i arbeid, men alt må verte verre før det kan verte betre. Vi opplever at storparten skjønar at for å halde kyrkjene ved like, må vi tole ein arbeidsperiode.

### Vegen vidare

Etter at vi har kome inn på Nordfjordnett, har vi fått til auka samhandling med kommunen, og vi har fått ein heilt annan situasjon for å kunne kommunisere mellom Måløy, Florø og

alle bygdene våre. Vi heng oss på den digitale utviklinga. Gjennom framifrå støtte frå lønsavdelinga og superbrukar, er vi snart i mål med å digitalisere denne delen av verksemda.

Gjennom sumaren skal vi gjennomføre dei planlagde investeringane våre, og vi legg hovudfokuset på at flest mogleg skal kome til velstelte kyrkjegardar og nytte sumaren.

Og gløym ikkje å vitje dei fantastiske naturperlene vi har i kommunen vår!

Dag Henrik Nygård

## Sokneråd

### BRU SOKNERÅD

I Bru sokneråd er det 4 faste medlemmar og 5 varamedlemmar. Ei fin blanding av nye og «gamle» medlemmar.

Bru sokn omfattar bygdene i søraustre del av Kinn – frå Svortevik på grensa mot Sunnfjord til Høydalsfjorden. Svanøy høyrer også med til Bru. Folketalet har minka ein god del dei siste 10-åra. Det er no 265 kyrkjemedlemmar i Bru sokn (0-100år).

Vi har registrert at andel eldre som kjem på gudstenestene har gått ned, medan vi har fått med fleire barn/unge. Vi prøver derfor å gjere fleire gudstjenester meir «barnevennlege» der barn/ungdom kan få vere aktive deltakarar og medhjelparar.

Det er også lang tradisjon med samarbeid og fellesskap mellom generasjonar og mellom bygdene. Dette samarbeidet vidarefører vi også gjennom tiltak i Bru sokn.

Vi ønsker:

- å vere kyrkje for heile Bru. Ei levande folkekyrkje der alle skal føle seg velkomne og ivaretatt.
- å skape gode møteplasser i kyrkjelyden. Ha felles tiltak som omfattar barn, unge og eldre.
- aktiv bruk av kyrkjebygget, bla til trusopplæring og konsertar. Vi vil prøve å gjere Stavang kyrkje til ei «Kulturkyrkje»
- Vidareføre dei tiltak som fungerer godt.

Det er stort behov for vedlikehald av Stavang kyrkje. Dette vil også ha ekstra fokus i denne soknerådsperioden.



Bru sokneråd 2023-2027. Frå venstre: Anita Sørđal (vara), Sindre Kårstad (vara og kasserer), Sigrunn Storøy, Ellisif Gjestland (nestleiar), Hjordis Svortevik (repr fellesrådet), Anders Tyvold (leiar).

Ikkje til stades på bilete: Aud Våge, Anders-Rune Nordnes og Solveig Svanøe alle vara og Erling Bakke Nydal (sokneprest).

### VÅGSØY SOKNERÅD

Nye Vågsøy sokneråd vart til 1. november 2023 etter at Sør- og Nord Vågsøy sokneråd vart slegne saman. Vi beheld dei to sokna, og har 4 representantar frå kvart sokn i det felles soknerådet.

Vi er heldige som har engasjerte frivillige som ønsker å skape aktivitet i kyrkjene våre. Fyrste halvår av 2024 er det 3 nye arrangement som ser dagens lys under paraply-

en «Tirsdayskveld i kyrkja».

